

# Rømde frå klimapolitisk

**Kritikken av Australias klimapolitikk vart for sterk kost for arbeidsgivaren. Økonomiprofessor Clive L. Spash rømde til Noreg.**

## KLIMA

ASTRID S. DYPVIK  
astrid@dagogtid.no

Den anerkjende økonomiprofessoren Clive Spash banna i kyrkja, høgt og ettertrykkjelig. Han sa det økonomiprofessorar ikkje skal seie, og skreiv ein analyse som vart freista stoppa. Det var i fjor haust, medan den australske regjeringa jobba på høggr for å få gjennom ei klimalov for det tørkeramma landet. Avisoverskriftene fortalde historia: «Forskar fekk munnkorg» og sidan «Professor sa opp jobben på grunn av sensur». Arbeidsgivaren var den statseigde forskingsinsti-

**– Vi betaler dei som ureinar i staden for å skattleggje dei.**

**Clive Spash,  
økonomiprofessor**

tusjonen Csiro. Kva Spash hadde gjort? Han påpeika to problem med dei storstila planane regjeringa har for handel med klimakvotar: Regjeringa baserte seg på ein politikk som ikkje verkar, og tok utgangspunkt i økonomisk teori som manglar samsvar med verkelegheita.

## FLYTTE TIL NOREG

– Førebels har ingen innrømt å ha gjort noko feil; det har ikkje vore noka utvikling i saka, fortel økonomiprofessoren når han møter Dag og Tid i Oslo, for å fortelje om sensuren og om flyttinga til Noreg. Spash blir rekna som

## Bakgrunn

- Clive Spash er professor i økonomi og har vore med på å utvikle fagretninga økologisk økonomi.
- Den omstridde rapporten har namnet «The Brave New World of Carbon Trading». Han kan finnast via Spashes nettside, [www.clivespash.org](http://www.clivespash.org).
- Csiro står for Australia's Commonwealth Scientific and Industrial Research Organisation.
- Institusjonen er statseigd og har 6600 tilsette.

ein pioner innanfor fagfeltet økologisk økonomi og har gitt ut den mykje siterte boka *Greenhouse Economics*.

Spashes rapport går elles rett inn i det heitaste stridstemaet i norsk klimapolitikk: spørsmålet om kutta skal skje her heime eller der ute i verda. I dette spørsmålet har regjeringa, med statsminister Jens Stoltenberg i spissen, stått steilt mot ei samla norsk miljørørsle.

## EI ÅTVARING

24. juni 2009 dukka det opp eit merkeleg e-brev i innboksen til den britiskfødde forskaren, som i 2006 var blitt headhunta til den prestisjetunge australske forskingsinstitusjonen Csiro. Han hadde nettopp fått inn ein artikkel i det internasjonale tidsskriftet *New Political Economy*. Artikkelen var vurdert av fagfellar, no stod berre publiseringa att. Meldinga var frå leiinga i Csiro.

– Det stod at artikkelen ikkje måtte trykkjast, fortel Spash.

– Dette var byrjinga på ei endelaus rekkje møte og forhandlingar med leiinga for institusjonen. Det enda med at leiinga omarbeidde Spashes artikkel.

– Resonnementa og konklusjonane vart klypte i stykke. Eg fekk melding om at dette måtte eg akseptere, elles...

– Elles?

– Det vart aldri presisert.

Spash nekta å godta endringane. Leiinga heldt fast på at originalversjonen ikkje kunne offentliggjerrast, og at han heller ikkje kunne halde føredrag basert på artikkelen.

## DET FARLEGE

Kva var det så som stod i den farlege rapporten? Kontroversen må forståast ut frå australsk innanrikspolitik. Australia er eit land der klimaendringane ikkje er uhyggjelege framtidsutsikter, men ein realitet. Kontinentet er det varmaste og tørraste i verda og er stadig herja av øydeleggjande skogbrannar. Statsministeren i landet, Kevin Rudd, vann siste val fordi han, i motsetnad til forgjengaren sin, John Howard, hadde ein klimapolitikk. Samstundes er Australia verdsleiande i utslepp av CO<sub>2</sub> per innbyggjar, mykje på grunn av kolindustrien i landet. I fjor haust sat regjeringa i lange, kompliserte forhandlingar med opposisjonen for å få gjennomslag for ein klimaplan. Regjeringa ville drive klimapolitikk på omtrent same måte som regjeringa Stoltenberg. I staden



**RØMDE LANDET:** Økonomiprofessor Clive Spash vart sensurert då han skreiv ein kritisk artikkel om Australias klimapolitikk. Spash kritiserer kvotehandelen, som også er det fremste verkemidlet til den norske regjeringa i klimapolitikken.

for å kutte heime ville dei kjøpe klimakvotar i andre land. Spash hevda kort og godt at dette var å kaste blår i auga på folk. Effekten av dei klimakvotane landet tenkte å kjøpe, var høgst usikker. Det som derimot var heilt sikkert, var at Australia kom til å halde fram med å ureine som før.

## UTSLEPP LØNER SEG

Handelen med klimakvotar fører ikkje til at den som ureinar, betaler, men til at samfunnet betaler den som ureinar, meiner Spash.

– Industrien får tildelt gratis kvotar. Dei som slepper ut mest klimagassar, får flest gratis kvotar. Vi betaler dei som ureinar i staden for å skattleggje dei, seier Spash.

– Ordninga er svært lønsam – for nokre få.

– Dei som slepper ut klimagassar, får sterk interesse av å halde fast på dette systemet, fordi det løner seg for dei, seier Spash.

Gratis kvotane har fleire ulemper: I 2007 kollapsa prisen på EUs kvotemarknad fordi medlemslanda hadde delt ut for mange gratis kvotar til industrien.

## IKKJE BILLEG

Spash går også i rette med påstanden om at handel med klimakvotar er den billegaste måten å drive klimapolitikk på for samfunnet.

– Det er uråd å bevise at kvotehandel er den mest effektive måten å regulere klimagassutslepp på. Problemet er at systemet for kvotehandel ikkje tek inn over seg korleis marknaden faktisk fungerer, seier Spash.

Store firma dominerer i fleire sektorar av marknaden. Prisane blir ikkje til som følgje av konkurranse. Signal om pris fungerer dermed ikkje som venta. I tillegg er CO<sub>2</sub>-utslepp knytte til nesten all økonomisk aktivitet. Å setje ein pris på utsleppa har dermed heilt uføreseielege konsekvensar. Det endrar nesten alle prisar. I tillegg kompliserer det situasjonen ytterlegare at effekten av kvotehandel vil få ulike følgjer avhengig av korleis det blir innført.

– Om ein først innfører det i transportsektoren, vil det verke

annleis enn om ein byrjar med å regulere kolindustrien.

## VERKAR IKKJE

Klimakvotar er sjeldan tema i offentlig diskusjon, både i Noreg og i Australia. Grunnen er at systemet er innflokt og uoversynleg. Dette er eit problem ikkje berre fordi det gjer innsyn og demokratisk kontroll vanskeleg, meiner Spash.

– Di meir avansert systemet er, di større er sjansane for eit svakt ledd, seier han.

I artikkelen påpeikar han fleire

# – Eit friskt innslag

Clive Spash kan bli eit friskt innslag i den norske klima

ASTRID S. DYPVIK  
astrid@dagogtid.no

– Har Spashes analysar overføringsverdi til den norske diskusjonen?

– Clive Spash er ein kontroversiell professor som talar økonomane midt imot. Eg trur han kan bli eit friskt innslag i den norske debatten, seier Asbjørn Torvanger, forskingsjef i Cicero.

– Det som kjenneteiknar det norske landskapet av økonomar, er at dei har ein svært lik måte å forstå problem på, og at dei kjem med svært like råd. Det er ikkje så rart i og med at stort sett alle

har utdanninga si frå same stad, nemleg Blindern, seier han.

Eit godt eksempel på kor likt det blir tenkt, er ifølgje Torvanger ein NOU om klimapolitikk som vart lagd fram i fjor sommar.

– Den hadde eksakt same resept for klimapolitikken som det ein har hatt gjennom heile 1990-talet.

Resepten er kjøp av klimakvotar og lite anna.

– Miljøet er prega av liten vilje til å leite etter alternative løysingar, seier Torvanger.

Også Iulie Aslaksen, som forskar på miljøøkonomi i SSB, meiner at Spash har mykje å tilføre

# sensur



slike. Ein av dei er dei såkalla CDM-kvotane. Desse kvotane er svært omstridde fordi det ofte er vanskeleg å godtgjere at dei har nokon effekt i det heile. I tillegg har det fleire gonger blitt avslørt storstila svindel med slike kvotar. Australia skulle etter planen hovudsakleg kjøpe slike kvotar.

## SA OPP

Seks månader etter at han fekk det første e-brevet, var det ikkje noko teikn til ei løysing på konflikten. Spash bestemte seg for

å seie opp jobben.

– Det byrja gå ut over helsa, seier Spash.

I januar byrja han i eit gjesteprofessorat på universitetet på Ås.

Korleis det gjekk med klima-lova? Regjeringa gjekk på eit audmjukande nederlag i parlamentet. Forslaget vart stemt ned av ein koalisjon av miljøvernarar som meinte at lova ikkje ville fungere, og klimaskeptikarar som meinte at heile lova var tull.

har interessante analysar av sjølve kvotemarknaden.

– Han drøfter den omfattande handelen med klimakvotar med finanskrisa i mente, og han spør om det er lurt å overlata verkemidla i klimapolitikken til spekulantar på finansmarknaden, seier Aslaksen.



– Han spør kvifor klimakvotar skal vere heile oppskrifta i klimapolitikken.

Julie Aslaksen, forskar, SSB



## Verda sedd frå planeten til Blair

Det finst ein planet, bortanfor den verkelege verda, der Tony Blair bur. Han inviterte Chilcot-utspørjarane til å bli med til planeten sin sist fredag. I denne alternative verda går det visselege i oppløysing og det falske blir sanning. Fakta blir gjorde om til meiningar, og vurderingar blir til prov. Suksess og mistak er det same. På denne underlege planeten var invasjonen i Irak ikkje ei ulukke, men ei naudsynt og tilmed heroisk handling. Andre som har vitna for Chilcot-kommisjonen, har vedgått feil. Herr Blair sa berre at han ville ha invadert Irak éin gong til.

Desse fyndorda er eit lett redigert lån frå den britiske avisa The Guardian, som på leiarplass oppsummerer tilstanden til Blair-buaren Tony, etter først å ha laga hakkemat av maratonforklaringa hans. Dei fleste har fått med seg at Blair angra ingenting og knapt greidde styre kätteleiken for eit nytt militært eventyr mot Iran. Men før vi godgjer oss med hakkemat, flytter vi oss til ein annan planet. Der er dei som er *In the loop*, den svarte komedien av ein film som må ha den høgste frekvensen av bannskapen filmhistoria, «fuck» og andre fyord, men som på sitt vis er det sannaste som er sagt om korleis starte ein krig på ei løgn, med det britiske narrespelet som usminka modell. Ein *loop* kan vere så mangt. Etter ordboka er det ei lykkje, eller ein lykkjeknute, og *loop* har gått inn i fagterminologien på mange område, ikkje minst den elektroniske, i bruk av «loops» i musikken. Her er døme nok til å fylle sider i ein *dictionary*.

Saddam Hussein fekk til slutt ei lykkje rundt shalsen, men kva er det å vere *in the loop* blant dei levande? Det er ei figurativ nemning for å vere i ei gruppe personar som kommuniserer regelmessig om ein plan eller eit prosjekt, som er «innanfor» mot alle oss som er utanfor. I filmen er det Downing Streets pressekreter og Blairs høgre hand Alistair Campbell – nådelast gestalta i personen Malcolm Tucker av Peter Capaldi – som held styr. Helvetet er laust når ein uskuldig liten utviklingsminister som er berre halvt innanfor, i eit fjernsynsintervju seier at ein eventuell krig i Midtausten er «unforeseeable», «uoverskodesleg», eit ord for noko ein ikkje kan føresjå. Vagt nok til å skape politisk uro, og nok til at den anonyme byråkraten utan eigentleg ryggrad blir kurtisert av folk som vil ha han med på laget. Derifrå tek filmen heilt av, og éin av dei minnerike figurane er Sopranos-skodespelaren James Gandolfini i ei birolle, som ein colin powelsk Washington-general med lite til overs for det politiske renkespelet. Det er varsla kort tid att på kino for denne suksessen av ein nyttårsfilm etter ein TV-serie som er den rake motsetninga av den prektige *Presidenten*.

På planeten til Blair har vi høyrte han kompensere for veik argumentasjon med retoriske ballongar, framfor eit panel som med lange og for lite skarpe spørsmål lét han utfalde seg om kor naudsynt det var å styrte Saddam Hussein for kvar ein pris, for hadde han ikkje kjemiske våpen då USA og England gjekk til åtak, så hadde han heilt sikkert skaffa seg dei om han kunne, saman med Iran. Vissa om kor naudsynt krigen var, hadde kome til Blair med 11. september-åttaket mot USA, endå Irak ikkje hadde noko med det å gjere. Tidle-

På planeten til Blair har vi høyrte han kompensere for veik argumentasjon med retoriske ballongar til eit panel med for lite skarpe spørsmål.

gare hadde han sagt at han ville ha gått til krig for å styrte despoten Hussein uansett, etterpå orsaka han seg med at spørsmålet kom uventa. Krigen hadde likevel hindra at Irak rotta seg saman med Iran, eit skremsel Blair brukte eit trettittals gonger. Åttaket 11. september 2001 var ikkje eit åtak mot USA, men «eit åtak mot oss». Yndlingsforsvaret for krig var: «Det var ikkje ei løgn, ei samansverjing eller eit svindelnummer, det var ei avgjerd.» Rett eller ikkje, det var ei avgjerd han hadde teke fast. Og: «Det som er viktig no, er ikkje å stille mars 2003-spørsmålet, men 2010-spørsmålet.»

Etter grundig gjennomgang av kva Blair sa, sette The Guardian-kommentatoren Simom Hoggarth til å plukke punch-linene til Blair frå kvarandre. Kommentatorar utanfrå kjem til. Ei kvinne i Bagdad seier: «Bin Laden var saudiarabar. Kvifor kom dei for å straffe dei stakkars irakarane, mens bin Laden framleis går fri?» Kvasst er den irakiske forfattaren Haifa Zangana, sjølv fengsla under Saddams regime. Ho seier at Blair var den same snakkesalige som alltid, og «det verka som det var like før han reiste seg med Bibelen i hand og sa: 'Gud vil døme meg på Irak-krigen.' Men kor ofte opplever vi at krigsforbrytarar vedgår brotverka sine? ... Den polerte framferda hans berre stadfestar det irakarar, arabarar og muslim opplever på bakken: ein rasistisk, kolonialistisk utanrikspolitikk.»

Konfrontert med følgjene av politikken og offera for krigen sa Blair at han ikkje angra, men han tok ansvaret. The Guardians profilerte kommentator Polly Toynbee skriv at om krigen var eit brot mot folkeretten, må ein ikkje gjere ein fetisj av FN. Dessutan, all striden no rundt grunnlaget for krigen er eit sidespor. «Det var ingen løyndom kvar han stod: skulder mot skulder med Bush som han alltid sa han var. Om ikkje Saddam uventa skulle kapitulere, ville Blair gå til krig, og ingen ved sine fulle fem var i tvil. FN-godkjenning hadde vore godt å ha med, men det skulle bli krig, same kva», skriv Toynbee, og ingen politikkarar var sterke nok til å stå opp mot han.

Det er den sure lærdomen etterkomarane hans må leve med. Og Blair sjølv? Etter eit mellomspel som EUs høgst fråverande mann i Midtausten har han slått seg opp som føredragshaldar og konsulent i millionklassen. Gode råd er dyre på planeten til Tony Blair.